

Radøy kommune  
v/ ordføreren  
Krossvegen 8  
5936 Manger

Bergen 21.2.2014

## SØKNAD OM DRIFTSSTØTTE FOR 2014

Med 150 frivillige driv Kirkens SOS i Bjørgvin sjølvmoordsførebyggjande, døgnopen kriseteneste med Hordaland og Sogn og Fjordane som særleg ansvarsområde. Vi svarer på 74 telefonar, SOS-meldingar og SOS-chat, kvart døgn, heile året. 57 % av alle chatter handlar om sjølvmoordstankar.

Driftskostnadene for 2014 er på kr 4.646.000. Vi manglar pr. i dag kr 500.000. Driftsstøtta frå kommunane varierer frå 1,- til 4,- kr pr. innbyggjar.

Meir om Kirkens SOS i Bjørgvin:

- Er eit av 13 lokale sentre som driv krisetenesta Kirkens SOS.
- Kirkens SOS i Bjørgvin gir eit sjølvmoordsførebyggjande, døgnope tilbod av god fagleg kvalitet til innbyggjarane i kommunane.
- I 2013 svarte Kirkens SOS i Bjørgvin på 23.945 telefonsamtalar, 1.502 SOS-chattar og 1.381 SOS-meldingar.
- 2.325 telefonsamtalar handla om sjølvmoord.
- Flest jenter skriv, mens det nesten er like mange menn som kvinner som ringjer.
- Dei som ringjer snakker mest om psykiske problem, kjensla av å vere aleine eller relasjonsproblem. I SOS-meldingar og SOS-chat er sjølvskading, sjølvmoord og seksuelle overgrep dei vanlegaste tema.
- 150 frivillige og 5,1 tilsette driv Kirkens SOS i Bjørgvin.
- Alle ungdoms-, vidaregåande- og folkehøgskular får kvart år tilsendt informasjonsmateriell til elevane.
- Vår lokale oppbygging er eit representantskap og eit driftsstyre. Vi har ingen eigarar som sørger for nødvendige driftsmidlar.

**Vi har brukarar frå alle kommunane. Ingen kommune kan aleine gje eit slikt tilbod til sine innbyggjarar.**

Vennleg helsing  
  
Greta Gramstad  
dagleg leiar

  
Karl Dag Bærug  
nestleiar

Vedlegg: Budsjett for 2014